

Notat etter den allmenne høyringa om retningslinjene for normering av bokmål og nynorsk

3. juni 2021 sende Språkrådet dokumentet *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk* ut på allmenn høyring. Dokumentet er resultat av ein gjennomgang og revisjon av dei retningslinjene som blei vedtekne i 2015. Den nye versjonen blei handsama av styret i Språkrådet i desember 2020.

I alt kom det inn 26 høyringsfråsegner, mellom dei frå departement, utdanningsinstitusjonar, språkorganisasjonar, forlag og enkeltpersonar. Åtte av dei som uttalte seg, hadde ingen merknader, og to hadde ingen vesentlege merknader. Elles representerer høyringssvara eit vidt spekter av meiningar om normeringspolitikken og prinsippa som ligg til grunn for normeringa. Språkrådet set pris på alle synspunkta som har kome inn, og dokumentet er endra på nokre punkt som direkte følgje av innspel vi har fått i høyringa.

Nedanfor refererer og kommenterer vi innspel som har kome inn til retningslinjene for normering med vekt på dei delane av dokumentet som er mest sentrale for det praktiske normeringsarbeidet som Språkrådet gjer. Hovudprinsippa for normeringspolitikken er fastsett av overordna myndigheiter, og vi kommenterer ikkje forslag til endringar av desse prinsippa eller vektlegginga av dei. Heller ikkje innspel som gjeld konkrete rettskrivingssaker, blir kommenterte her.

1. Overordna føringar, innleiing og struktur i dokumentet

Helge Sandøy skriv at «[d]okumentet burde problematisert og fokusert spørsmålet om språkmakt og språkleg dominans (kulturelt hegemoni), om makta som forlag og mediehus har gjennom husnormer og retteprogram, om språkleg identitet og sjølvkjensle for personar og lokalsamfunn».

Språkrådet er samd i at det kunne vore skrive mykje om tilhøvet mellom språk og makt i dokumentet, men vi meiner òg at det er viktig å halde teksten høvesvis kort og fokusert om han skal fylle funksjonen som praktisk arbeidsreiskap i normeringsarbeidet. Den rolla husnormer speler, er nemnd eit par stader i dokumentet. Etter høyringa er det òg utvida med nokre formuleringar om retteprogram, sjå punkt 2 nedanfor.

Landslaget for språklig samling seier seg usamd i premisset i kapittel 1 (*Kva er ein norm?*) om at det er eit mål at «dei fastsette normene skal styra språkbruken og påverka dei internaliserte normene, og eventuelt sjølve bli internaliserte normer».

Språkrådet er samd i at denne formuleringa er noko uheldig, og ho er i den endelege versjonen endra til «dei fastsette normene skal styra den skriftlege språkbruken og eventuelt sjølve bli internaliserte normer for det skriftspråket språkbrukarane praktiserer».

Landslaget for språklig samling meiner vidare at det i kapittel 2 (*Kvifor normera?*) burde leggjast meir vekt på den sentrale funksjonen skriftspråket har som arbeidsredskap i samfunnet i dag.

Språkrådet er ikkje usamd i at dokumentet kunne ha sagt noko om denne funksjonen til skriftspråket, men også her vil vi peike på behovet for å halde teksten fokusert og ikkje altfor lang, og vi har ikkje lagt til noko om dette emnet.

Lars S. Vikør etterlyser tidleg i dokumentet «eit kortfatta oversyn over dei delane eller aspekta av språket, kalla "nivå" eller "domene", som den offisielle normeringa omfattar, ikkje omfattar, eller delvis omfattar».

Språkrådet er ikkje usamd i at det ville vere relevant å gå nærare inn på dette, men vi meiner det er tilstrekkeleg når dokumentet i kapittel 2 (*Kvifor normera?*) nemner at normeringa «først og fremst gjeld skrivemåte og bøyning, i mindre grad syntaks og ordtilfang, og endå mindre ordtydingar». Det går òg klart fram av sitata frå vedtektene for Språkrådet i kapittel 3 kva normeringa omfattar.

2. Normeringsgrunnlaget

Siste avsnitt i kapittel 2 (*Kvifor normera?*) tek føre seg tekstgrunnlaget for normeringa, kva slags tekstar som skal tilleggjast vekt i normeringssaker, og kva omsyn ein må ta når bruksdata skal granskast. Det kom fleire velfunderte innspel til dette avsnittet:

Landslaget for språklig samling finn det underleg og strengt når retningslinjene slår fast at tekstar som skal danne grunnlaget for normeringa, må ha «ein viss permanens» og ha vore gjennom «ei viss redigering og kvalitetssikring». Landslaget meiner at alle tekstar har ein verdi så lenge nokon les dei og gjer seg nytte av dei, og at dette kvalifiserer dei til å vere med i grunnlaget for normeringa. Også *Helge Sandøy* kritiserer kravet om at tekstar som skal vere med i normeringsgrunnlaget, skal ha vore gjennom ei viss redigering.

Språkrådet meiner at ein ikkje bør stille alle tekstar likt uavhengig av korleis dei er blitt til, kvar dei er publiserte, eller kor mange lesarar dei har. Normeringa bør primært byggje på tekstar som ein kan vere viss på held ein viss språkleg kvalitet, og som det er råd å finne fram til og vise til i ettertid. Dette ligg bak krava om permanens og kvalitetssikring. Samstundes veit vi at også ikkje-redigerte tekstar kan halde høg kvalitet, og slike tekstar er verdifulle fordi dei i mindre grad er påverka av elektroniske språkverktøy og husnormer. Dette er spegla i det nye avsnittet i kapittel 2 som er attgjeve lenger ned i denne teksten.

Gunnar Skirbekk peikar på at dokumentet ikkje drøftar «korvidt bruken av retteprogram hos viktige tekstproduserande instansar, slik som forlag og aviser, men også offentlege instansar, kan påverke språkbruken i det 'korpus' som skal brukast som basis for normering.» Liknande merknader kjem frå *Lars S. Vikør*, *Anders M. Andersen*, *Samuele Mascetti*, *Høgskulen i Volda* og *Foreninga for radikalt bokmål*.

Det er ei kjensgjerning at både skribentar og utgjevarar i dag svært ofte gjer bruk av ulike språkverktøy i produksjonen av tekstar. Vi veit òg at maskinomsetjing er mykje brukt, dels frå andre språk til norsk og dels frå bokmål til nynorsk. Elektroniske språkverktøy er ein viktig styrande faktor for formvalet i tekstar, men vi kan ikkje sjå at det er mogleg å luke vekk eller abstrahere seg bort frå den innverknaden desse verktøya har. I gransking av bruksdata i normeringssaker er det likevel svært viktig å

vere klar over denne faktoren, på same måte som ein må vere klar over at forlag, avishus og andre utgjevarar ofte har sine eigne husnormer som er smalare enn dei offisielle normene. Vi ser at dette ikkje kjem godt nok fram i teksten i høyringsnotatet, og teksten i det nye avsluttande avsnittet i kapittel 2 er tenkt å bøte på dette.

Nytt avsnitt til slutt i kapittel 2:

Dei færraste tekstar blir i dag produserte utan påverknad frå elektroniske språkverktøy. Det kan vera stavekontrollar, grammatikkontrollar, autokorrektur, verktøy for maskinomsetjing og anna. Bruken av slike verktøy fører til at tekstane er meir einsarta i formvalet enn om skribentane fritt fekk velja blant dei formene som normene tillèt. Når ein granskar bruksdata i samband med utgreiing av normeringssaker, må ein ta høgde for innverknadene frå elektroniske verktøy på same måte som for dei husnormene vi veit mange utgjevarar praktiserer. Då er det viktig at ein analyserer bruken i fleire ulike korpus som inneheld eit breitt spenn av teksttypar, òg korpus med større innslag av uredigert tekst.

3. Sjølvstendepriippet

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur seier seg prinsipielt usamd i formuleringa om at ein «skal unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingstypar for ulike ord og genus for substantiv», og meiner dette gjer normeringsprinsippa uklare.

Språkrådet vil peike på at sitatet frå retningslinjene er teke ut av samanhengen slik at eit viktig atterhald ikkje kjem fram: Det er berre dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje talar for noko anna, at ein skal unngå slike skilnader.

Landslaget for språklig samling meiner at ein ikkje utan vidare kan hevde at bokmål og nynorsk utviklar seg uavhengig av kvarandre, og at det ikkje er rimeleg å snakke om eigen praksis for dei to skriftspråka.

Språkrådet er samd i at dette kan problematiserast, og det er sjølv sagt mange vekselverknader mellom bokmål og nynorsk. At dei to skriftspråka har kvar sin skriftlege praksis som kviler på ulike tradisjonar, og at det lèt seg gjere å skilje mellom dei to praksisane i konkrete tekstar, meiner vi likevel det ikkje er tvil om.

Noregs Mållag meiner det er uheldig at Språkrådet i teksten om sjølvstendepriippet «ikkje reflekterer over kor sjølvstendig eit slikt grunnlag kan vera for eit mindre brukt språk andsynes majoritetsspråket». *Litteraturselskapet Det Norske Samlaget* er inne på det same når det skriv at ein bør vere varsam med å leggje normeringa av nynorsk nær opp til bokmål på eit område som genus for substantiv, og at ein bør vere «varsam med å ta inn [i nynorsk] former som eigentleg er reine bokmålsformer». *Høgnorskringen* og *Norskt Måldyrkingslag* er inne på noko av det same når dei skriv at «prinsippi [...] talar um sjølvstendige mål med kvart sin tradisjon, men det syner seg at det er einsidug bokmålstilnærming i nynorsken som er prinsippet framleis».

Språkrådet er samd i at det er ei viktig kjensgjerning at nynorsk står under press frå bokmål, og at skriftleg praksis i nynorsk nødvendigvis speglar dette ujamne

makttilhøvet. Vi meiner at teksten om sjølvstendepriinsippet bør stå uendra, men har i del 7.2.3 lagt til eit avsnitt som understrekar at bruksdata i nynorsk må vegast opp mot systemomsyn og nynorsk skriftradisjon (sjå punkt 5 nedanfor).

4. Stabilitetspriinsippet

Sjølv om det er eit overordna priinsipp at rettskrivingsnormene for bokmål og nynorsk i store trekk skal liggje fast, er det rom for ulike syn på kva dette vil seie i praksis, kor store endringar ein skal kunne gjere i normene, og kor langt inn i framtida stabilitetspriinsippet skal gjelde.

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur skriv dette: «Hvis man med «stabilitet» mener at nåværende bokmålsnorm av 2005 i alt vesentlig skal garanteres konstans i overskuelig fremtid, dvs. at «bredden i normen blir ivaretatt», slik det heter i Språkrådets årsmelding for 2020 (s. 45), er Akademiet prinsipielt uenig». Akademiet meiner det trengst ein større gjennomgang av bokmålsnorma med sikte på å ta ut av norma variantar som har låg bruksfrekvens.

Landslaget for språklig samling meiner at stabilitetspriinsippet er for stramt formulert og «gjer det vanskeleg å normere på ein realistisk måte». I formuleringa av priinsippet for bokmål meiner landslaget at referansen til 2005-rettskrivinga bør takast ut og erstattast med «ei formulering om meir "glidande" stabilitet over tid».

Foreninga for radikalt bokmål skriv i sitt høyringssvar at ho er samd «i konklusjonen i språklovproposisjonen om at det ikke er aktuelt å gjøre gjennomgripende endringer i bokmålsnormen».

Språkrådet vil minne om at stabilitet er eit av dei to hovudpriinsippa for normeringa, og at Kulturdepartementet i språklovproposisjonen (Prop. 108 L (2019–2020), del 4.2.1) skriv at «rettskrivinga i store trekk skal liggje fast òg i tida framover». Vi meiner denne formuleringa set klare grenser for kor store endringar ein kan sjå for seg. Når det gjeld bokmål, opnar likevel departementet i proposisjonen for å gjere justeringar i 2005-norma på bakgrunn av bruken slik han framstår i store korpus med bokmålstekst. Språkrådet er i gang med planlegginga av slike justeringar i bokmål, og arbeidet med dette vil venteleg gå gradvis og strekkje seg over fleire år. Sjå meir om dette under punkt 6 nedanfor.

5. Brukspriinsippet

Lars S. Vikør meiner dette priinsippet burde kallast *språkbrukspriinsippet* eller – slik praksis dels har vore fram til nå – *ususpriinsippet*.

Språkrådet meiner at *brukspriinsippet* er den beste nemninga fordi ho er enkel og ikkje krev mykje forklaring slik faguttrykket *usus* gjer. Retningslinjene er ikkje berre skrivne for fagfolk, men skal òg gje ålmenta viten om priinsipp for og metodar i normeringa.

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur tar avstand frå det siste avsnittet i del 6.2.3 og 7.2.3 om at det kan vere aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk i tillegg til skriftlege tekstar, særleg i tilfelle der skriftlege tekstar inneheld få data. Også

Bokmålsforbundet kritiserer denne tilføyinga i bruksprinsippet og meiner det er den viktigaste endringa i høve til teksten frå 2015.

Eit anna syn blir målbore av *Landslaget for språklig samling*, som meiner at «praksis frå talemålet må nyttast som normeringsgrunnlag i minst like stor grad som tekstar». Også *Helge Sandøy* meiner at talemålsdata bør spele ei meir sentral rolle i normeringa, særleg da i normeringa av nynorsk, og han hevdar at «talemålet er detronisert som normeringsgrunnlag [for nynorsk]». *Lars S. Vikør* meiner at eit talemålsprinsipp bør vurderast for bokmål òg, og *Foreninga for radikalt bokmål* skriv at talemålsprinsippet bør vere eit gjeldande prinsipp for bokmål, slik det er for nynorsk.

Språkrådet står fast ved at det er skriftleg praksis som bør liggje til grunn for normeringa av skriftspråka, både av bokmål og nynorsk. Dette har vore praksis lenge, og data frå skriftlege tekstar låg til dømes til grunn for endringane i nynorsknorma ved reforma i 2012. Også i framlegget til nye retningslinjer blir det understreka at det er språket slik det ser ut i tekstar, som skal vere det vesentlege grunnlaget for normeringa. Til tider ser vi likevel at det er tenleg å supplere skriftlege data med data frå munnleg språk. Det kan til dømes gjelde termar eller uttrykk som er lite brukt i skrift. Vi kan ikkje seie oss samde i at det å ta med ein passus om munnleg språk i teksten om bruksprinsippet inneber ei stor endring av praksis slik han har vore fram til nå. For nynorsk må bruksprinsippet sjåast i lys av talemålsprinsippet (punkt 7.2.6).

I lys av høyringsinnspela om den spesielle situasjonen nynorsk skriftleg praksis står i andsynes bokmål (sjå punkt 3 over), har vi lagt inn dette nye avsnittet i del 7.2.3 om bruksprinsippet for nynorsk:

Skriftleg praksis i nynorsk står under press frå bokmål, og det må ein ta høgdom for ved analyse av bruksdata for nynorsk. Tendensar i bruk må i alle høve vegast opp mot systemomsyn og nynorsk skrifttradisjon.

6. Stramleiksprinsippet

Graden av stramleik i rettskrivinga er eit tema mange har synspunkt på, kanskje særleg når det gjeld bokmål. *Ingvar Engen* skriv at det i åra etter at stortingsmeldinga *Mål og meining* blei lagd fram i 2008, «flere ganger [er] tatt til orde for en ytterligere opprydning for å fjerne lite brukte former i bokmålsrettskrivingen og dermed komme fram til en fastere og mer oversiktlig norm i tråd med dominerende språkbruk.». Engen meiner at «Språkrådet [ikke] synes [...] å ha tillagt disse signalene særlig vekt». *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* meiner «at det er et utvilsomt og godt dokumentert behov for å innskrenke valgfriheten [i bokmål]». *Riksmålsforbundet* skriv at «[n]å som tilnærmingspolitikken er høytidelig forlatt, bør konsekvensen være at man også rydder opp i de mange samnorskformene som denne politikken etterlot seg i [bokmåls]rettskrivningen.»

Helge Sandøy skriv på si side at «[d]et er eit politisk gode og ein kulturell rikdom å ha god opning for variasjon» og at «Norge er [...] eit godt eksempel på at språkevna vår ikkje har problem med å takle slikt». I høyringssvaret sitt skriv *Foreninga for radikalt bokmål* at «[d]et radikale, talemålsnære bokmålet er en veletablert og levende

skriftspråkstradisjon» og at «normeringa må ta hensyn til denne tradisjonen, og kan ikke snevre inn normen på måter som gir det radikale bokmålet systemsvakheter eller på andre måter gjør det vanskeligere å ta i bruk denne delen av rettskrivinga for den som måtte ønske det».

Språkrådet har absolutt merkt seg at det med ujamne mellomrom kjem utspel om at bokmålsnorma er for vid, og at ho bør strammast inn. Eit av argumenta for dette er at ei vid norm kan vere vanskeleg å orientere seg i for folk som tileignar seg norsk som andrespråk. Samstundes ser vi at andre argumenterer for at det er eit demokratisk gode med valfridom i rettskrivinga, og at normene fungerer godt med den valfridommen dei famnar i dag. Sjølv om stramleik ikkje er noko overordna mål, har mykje av Språkrådets normeringsverksemd dei seinaste åra vore konsentrert nettopp om å stramme inn normene der bruken tilseier det. Det har vore gjort grundige undersøkingar av bruk i bokmål og nynorsk i tilfelle der substantiv har meir enn éin normert genus, og genus med lite bruksgrunnlag har vore tatt ut av normene. Som nemnt under punkt 4 ovanfor opnar departementet i språklovproposisjonen for justeringar i 2005-norma for bokmål, og det er rimeleg å tenkje seg at dette vil føre til innstramming av norma. Vi meiner at former i dagens bokmålsnorm må vurderast i lys av bruksdata uavhengig av korleis formene har kome inn i bokmål. Visse former som kom inn som ledd i tilnærminga til nynorsk, vil vere kandidatar til å gå ut, men grunnen er i så fall låg bruksfrekvens, ikkje det at dei er tilnærmingar. Andre former av dette slaget er i dag godt innarbeidde i bokmålet og bør ikkje takast ut. Den nye ordninga med allmenn høyring om framlegg til rettskrivingsendringar vil sikre at alle interesserte partar får høve til å ytre seg om dei moglege endringane i bokmålsnorma.

7. Talemålsprinsippet

Talemålsprinsippet gjeld berre nynorsk, ikkje bokmål. (Sjå det som gjeld tilhøvet mellom talemålet og bokmål under punkt 5 ovanfor.) Det seier at ein skal leggje vekt på det grunnlaget ei form har i talemålet i det ein kallar kjerneområda for nynorsk, når ein vurderer å stramme inn norma eller å ta inn ei ny form. I høyringssvara er det noko sprikjande syn på dette prinsippet og på formuleringa om kjerneområda for nynorsk. *Landslaget for språkleg samling, Helge Sandøy, Noregs Mållag og Samuele Mascetti* åtvarar mot å leggje for mykje vekt på talemålet i kjerneområda. *Sandøy* meiner at dette er «eit farleg prinsipp, som kan føre til at det geografiske området blir snevrare og snevrare». *Mascetti* meiner dessutan det er «uklårt korleis avgrensinga 'kjerneområda for nynorsk' skal forståast ut frå talemålsprinsippet, då talemålsstoda i tradisjonelle nynorsk-kommunar er svært varierende i dag, særskilt i sokalla randsoner».

Språkrådet er samd i at det er problematisk å operere med omgrepet *kjerneområde for nynorsk* utan at dette er nærare definert. Vi meiner at kjerneområda bør forståast som dei delane av landet der nynorsk er i bruk som skulemål. Siste setning i dette punktet er utvida og lyder nå slik: «Med talemålsgrunnlag er det tenkt både på frekvens, generell utbreiing og utbreiing i kjerneområda for nynorsk, dvs. dei områda der nynorsk er i bruk som skulemål.»

8. Tradisjonsprinsippet

Når det gjeld tradisjonsprinsippet for bokmål, reagerer *Bokmålsforbundet* på endringa i ordlyden i retningslinjene frå «tradisjonelle former som framleis er i bruk» til «mindre brukte former [...] dersom dei har ein sentral plass i skriftradisjonen».

Språkrådet meiner det ikkje er grunn til å tolke den føreslåtte endringa i ordlyden som ei realitetsendring. Vi har likevel justert formuleringa ved å setje inn att *tradisjonelle* i punkt 6.2.6: «Derfor er det høve til å føra vidare mindre brukte tradisjonelle former i bokmålsrettskrivinga dersom dei har ein sentral plass i skriftradisjonen.»

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget meiner at tradisjonsprinsippet for nynorsk bør omformulerast slik at ein ikkje set eit skilje ved 1959-rettskrivinga, men legg heile skriftradisjonen til grunn. *Høgnorskringen* og *Norskt Måldyrkingslag* kritiserer òg framlegget på dette punktet: «For nynorsken er det [...] gjort eit serlegt poeng av at me ikkje må hava tradisjonen til rettesnor. Den samnorske læreboknormalen frå 1959 skal vera grunnlaget for norskt mål.»

Språkrådet meiner at grunnlaget for normeringa av nynorsk i det vesentlege bør vere språket slik det ser ut i nynorsktekstar av nyare dato, jf. bruksprinsippet. Tradisjonsprinsippet er tatt med i retningslinjene for å sikre kontinuiteten i rettskrivinga i eit lengre perspektiv og sikre at former med rot i tradisjonen ikkje så lett kan takast ut av norma sjølv om dei er mindre brukte i seinare tid. Årstalet 1959 stod nemnt i retningslinjene frå 2015 og var altså føreslått vidareført. Vi ser likevel nå at grunngevinga for dette skiljet ikkje er klar, og vi har stroke dei to siste setningane i punkt 7.2.7. Dette punktet lyder nå slik: «Den nynorske skriftspråktradisjonen strekkjer seg tilbake til 1800-talet, men i normeringa av den framtidige nynorsken må ein framfor alt ta omsyn til dei siste generasjonane. I nynorskrettskrivinga er det høve til å føra vidare former som har ein etablert plass i den nynorske skriftspråktradisjonen».

9. Ordtilfangsprinsippet

Lars S. Vikør peikar på at ordtilfangsprinsippet ikkje har same karakter som dei andre normeringsprinsippa som er omtalte i kapittel 6 og 7 i retningslinjene. Vikør meiner at innhaldet i dette punktet heller burde stå tidlegare i teksten saman med ei utgreiing om kva normeringa omfattar og ikkje omfattar.

Språkrådet er samd i at dette prinsippet klart skil seg frå dei andre i kapittel 6 og 7. Vi meiner likevel at det bør stå i desse kapitla, og det er fleire grunnar til det. Vi veit at det er ei utbreidd førestilling at ordtilfanget i stor grad er underlagt normering, dvs. at Språkrådet har mynde til å «godkjenne ord». Det er derfor all grunn til å forklare kva som faktisk gjeld på dette feltet, på ein prominent plass i retningslinjene. Vidare er det eit viktig poeng at det gjeld andre reglar for ordtilfanget i nynorsk enn i bokmål, og det passar derfor godt å gjere greie for reglane i høvesvis kapittel 6 (om bokmål) og 7 (om nynorsk).

10. Normering av importord

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er skeptisk til formuleringa i punkt 10.4, underpunkt 1, som seier at «[o]m den ikkje-norvagiserte forma er einerådande, bør

den normerast som eineform». Samlaget meiner at ei norvagisert form bør kunne stå i rettskrivinga òg om ho er heller lite brukt. *Norsk Målungdom* argumenterer for å innføre norvagiserte skrivemåtar som valfrie òg for importord som har lang fartstid i norsk og er etablerte med framand skrivemåte, slik som *ingeniør*, *generell* og *geni*. *Ingvar Engen* meiner det er «ønskelig å få fortgang i arbeidet med innføringen av norvagiserte skrivemåter».

Språkrådet meiner at det òg i saker om norvagisering av importord er fleire omsyn som må vegast opp mot kvarandre. Retningslinjene legg opp til å vidareføre prinsippet om at norske skrivemåtar av importord skal fremjast, og det er lett å finne gode argument for at slike ord bør skrivast på ein måte som er logisk og lett å lære. På den andre sida spelar bruken i tekstar ei rolle også i saker av denne typen. Ein kan ikkje sjå heilt bort frå data om korleis orda faktisk blir skrivne. Også omsynet til stramleik og enkelheit må tilleggjast ei viss vekt i norvagiseringssaker. Språkrådet meiner at det har lite for seg å bruke ressursar på norvagisering i tilfelle der den framande skrivemåten har sett seg, og vi meiner det ikkje er realistisk å gjennomføre ei norvagisering i den skalaen som Norsk Målungdom ser for seg.

Riksmålsforbundet meiner på si side at siste avsnittet i punkt 10.3 (i bokmålsversjonen av framlegget)¹ går for langt. Dei føreslår å endre setninga «Språkrådet skal ha en strategi for å fremme norvagiserte former» til «Språkrådet skal ha en strategi for normering (og innføring) av norvagiserte former». Andre avsnittet i punkt 10.3 står i framlegget slik: «Dersom ein bruker importord i norsk, skal det normalt godtakast å skriva eit importord i tråd med norsk uttale og norske rettskrivingsprinsipp, jamvel om det enno ikkje er normert slik». Riksmålsforbundet stiller spørsmål ved kva som ligg i formuleringane «norsk uttale» og «godtakast», og forbundet føreslår å stryke heile dette avsnittet.

Språkrådet meiner det framleis skal vere eit uttalt mål å fremje norvagiserte former, og det er viktig at retningslinjene slår fast at ein skal arbeide strategisk for dette. Andre avsnittet i punkt 10.3 er viktig fordi det legg til grunn at spontan norvagisering av (nyare) importord er av det gode. Dette er viktig å kunne vise til, til dømes når Språkrådet får spørsmål om skrivemåten for importord som enno ikkje er formelt normerte. I praksis følgjer spontane norvagiseringar stort sett dei prinsippa som er spesifiserte i vedlegg 2 til retningslinjene. Det er sant at formuleringa «norsk uttale» ikkje er presis, og i den endelege versjonen er det aktuelle avsnittet noko omformulert.

Nytt avsnitt 2 i punkt 10.3:

Dersom ein bruker importord som enno ikkje har fått normert skrivemåte, skal det godtakast å skriva dei i tråd med norske rettskrivingsprinsipp.

11. Anna

Til punkt 5.2 (*Kva nivå skal ei normeringssak handsamast på?*) skriv *Noregs Mållag* at det bør vere ein tommelfingerregel at vedtak blir sende til Kulturdepartementet for godkjenning om det er tvil om dei fell i kategorien «gjennomgripande endring».

¹ Vi seier oss leie for at dette avsnittet ikkje hadde kome med i nynorskversjonen av framlegget i høyringsnotatet. Det er sett inn i den endelege versjonen av retningslinjene.

Sjølv om Språkrådet ikkje i prinsippet er usamd med Mållaget om dette, meiner vi at farten i normeringsprosessane står i fare for å bli lidande om alle saker som kanskje kan vurderast som gjennomgripande, rutinemessig skal gå til godkjenning i departementet. Vi meiner at dagens formulering «Språkrådet må halda regelbunden dialog med departementet om kva normeringssaker som høyrer til på dette nivået» sikrar at alle saker som bør gå til godkjenning, blir fanga opp.

Ingvar Engen peikar med rette på at språklova som blei vedtatt i 2021, ikkje nemner sjølvstendepriksippet og stabilitetspriksippet. Punkt 6.2 (om normering av bokmål) og 7.2 (om normering av nynorsk) er derfor endra slik at det står «I tråd med språklovproposisjonen og andre styringsdokument [...]» i staden for «I tråd med språklova og andre styringsdokument [...]».